

Møtereferat

Dato: 02.11.2015

Emne:	Evaluering av politisk skolevalg 2015	
Til stades:	Unge Venstre v/ Ingrid Handeland, AUF v/ Andreas Jansen, Unge Høyre v/ Tobias Strandskog, FrPU v/ Christopher Thomsen, Rød Ungdom v/ Eirik Wichstad, KrF ungdom v/ Eivind Skår, Senterungdommen v/ Erlend Myrhaug, Sandsli vgs v/ Stig Hammersland, Laksevåg vgs v/ Åshild Klokkeide Birkeland, Opplæringsavdelingen v/ Astrid Hjellbakk	
Forfall:	Grønn ungdom v/ Styrk Finnøy, Elevorganisasjonen i Hordaland	Sak: 2015/2358-22
Møtetid:	29.10: kl. 09.00-11.30	Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Berit Nyland**Referent:** Astrid Hjellbakk og Berit Nyland

Innleiing: Bakgrunnen for møtet var at Opplæringsavdelinga hadde invitert representantar frå dei største politiske partia og elevinspektørar frå to skuler (Sandsli og Laksevåg vidaregående) til eit møte for å gå gjennom og evaluere den organisatoriske delen av skulevalkampen. I møtet bestemte ein å slå saman punkt 1 og 2 på agendaen. Ingen saker blei meldt til eventuelt.

Representantar frå Opplæringsavdelinga orienterte om at dei hadde hatt tett oppfølging hovudsakleg av dei offentlege vidaregåande skulane i førebuinga til skulevalkampen. Dei private skulane var derimot informerte om plan for gjennomføring og rammene for skulevalkampen.

Ein bør merke seg at skulevalkamp ikkje er eit pålegg for skulane. Opplæringsdirektøren oppmodar likevel skulane til å gjennomføre eit slikt arrangement. Det er opp til rektor ved skolen å invitere politiske parti til debatt og valtorg. Det blei vidare orientert om at Udir i samarbeid med dei nasjonale ungdomspartia og Elevorganisasjonen til dette valet hadde laga eit tilrådd opplegg ved at arrangementet skulle starte med ein debatt på omlag 90 min. og eit påfølgjande valtorg på ca. 60 minutt.

Sak 1 og 2: Tilbakemelding frå partia og skulane vedr. plan for gjennomføring og samlokalisering.

- Informasjon om skulevalkampen hadde ikkje nådd ut til alle dei private skulane
- Einskilde skular følgde ikkje tidsrama som dei var tildelte. Dette vart vanskeleg for parti som ikkje hadde nok representantar til å gjennomføre parallelle debattar og reduserte såleis tidsramma for debatt ved andre skular.
- Planen for gjennomføring av skulevalkampen bør vere eit pålegg for skulane utan rom for lokale endringar
- Planen er svært utfordrande for parti som har få debattantar. Eit parti måtte avlyse opptil fleire debattar og ønskte at skulevalkampen strekkjer seg over litt lengre tid (7-10 dagar).
- Det blei fremja et forslag om å leggje debatten til same dag som sjølve skulevalet. Det var ulike meiningar om dette.
- Det blei fremja eit framlegg om å ha elevstyrte framfor lærarstyrte debattar.
- Politikarane etterlyste streng og effektiv møteleiing under debattane. Kan det vere aktuelt å gje elevar opplæring i møteleiing?
- Debattane i Sunnhordland er mest utfordrande pga. reisevei. Kvinnherad bør leggjast til ettermiddag og samlokalisering med aktuelle skoler er særskilt viktig i regionen.
- Skulane bør bli flinkare til å informere partia om aktuelle tema dei ønskjer å fokusere på i debatten. Dei bør og førebu spørsmål til politikarane i forkant

- Samlokalisering av debatt og valborg ved dei utvalde skulane fungerte særst bra og bør vidareførast
- Valborga var ei utfordring. Til neste val bør ein planleggje korleis ein skal motivere elevane til å vitje valborga etter debatten eller evt vurdere om det er meir føremålstenleg å leggje valborga til før debatten. Nokre skular har heller ikke tilfredsstillande lokalar til valborg.
- Det er stort rom for forbetring i dialogen mellom skulane og partia i forkant av skulevalkampen. Skulane saknar informasjon om namn på og kor mange partirepresentantar som kjem til arrangementet. Partia sakna informasjon om kva form dei vil møte på skulen

Opplæringsavdelinga fikk tilbakemelding om at plan for gjennomføring må kome ut til skulane så tidleg som mogleg, helst i april

Sak 3: Tilbakemelding frå skule

- Opplæringsavdelinga har motteke klage på debattantar frå to ulike parti. Denne gjeld uhøvisk språkbruk og personangrep på elevar som leia debatten ved skulen og på andre partirepresentantar i debattpanelet. Opplæringsavdelinga har og i kontakt med elevar fått kjennskap til at nokre elevar reagerar negativt på politikarane sine val av tema og negativ omtale av andre parti i paneldebatten. Partia blei oppfordra til å ta dette til etterretning til neste val.

Forslag til konklusjon:

Opplæringsavdelinga:

Dato- og tidsplan for gjennomføring av skulevalkamp må vere eit pålegg til skulane, utan rom for lokale endringar. Skulevalkampen i Sunnhordland bør synast særskild merksemd på grunn av reiseavstand

Plan for gjennomføring av skulevalkampen bør vere skulane i hende så tidleg som mogleg, helst iløpet av april. Den bør og strekkje seg over fleire dagar.

Samlokalisering bør gjennomførast i størst mogleg grad.

Skule: bør førebu partia på tema og spørsmål i debatten og informere om kva slags form på arrangementet dei vil møte. Elevar bør få opplæring i debattleiing

Dei politiske partia bør vere merksame på åtfærd og språkbruk ved debattar i framtida og jobbe for betre dialog med kontaktpersonane ved skulen.

